



Frå årsmøtet i Matre i fjor.

Kvinnherad sogelag har mange medlemmer frå Uskedalen, og i fjor var mange uskedelingar til stades då årsmøtet vart avvikla i Matre. I år er årsmøtet på Utåker, og då håpar styret på like mange. Dei har sendt ut følgjande invitasjon, og dei ønskjer også andre interesserte velkommen til møtet saman med medlemmane:

Kvinnherad sogelag skal ha årsmøtet sitt i Holmedal bedehus på Utåker laurdag 23. april kl 13.00. Etter årsmøtesakene, som vi reknar med går greitt unna, vert det servert lunsj.

På årsmøtet i år har vi fått med oss Tor Bringedal, Han er lærar av utdanning, har m.a. hovudfag i historie, og har nyleg gjeve ut to bøker om Kvinnherad frå 1837 til 1965, med fokus på politisk og administrativ utvikling og viktige hendingar i denne tida. Korleis kan ein finna fram i saga og bli kjend med det som har skjedd før? Dette vil Tor setja fokus på i føredraget sitt; « Galleriglyttar og andre kjelder til lokalhistorie».

Neste post på programmet er eit besøk i skulemuseet i Utåker Bygdahus. Turen går vidare derfrå til Holmedal kyrkje, der prest Halvor Medus har lova oss omvisning.

Vi ser fram til eit interessant årsmøte med mange medlemer. Møtet er ope for alle, så ta gjerne med vener og kjende.

Kvinnherad sogelag
v/skrivar Kari Fedt Haugsbakk

Nett: Thor Inge Døssland
Foto: Lars Børge Sæberg